



Lesja kommune
Nærings/landbruk



Beitebruksplanen; ny handlingsplan/tiltaksliste for 2009 - 2012.



Foto: Benedikte Skarvik

Avskoging for betre beiteproduksjon, Dalsida og Lordalen

TILTAK	ANSVAR	FINANSIERING	TID	MERKNAD
Det skal utarbeidast ein Info-folder med føringar for avskoging med tanke på betre beiteprod	Kommunen i samarbeid m alm. styra	Kommunen	2009	Folderen skal vise korleis utsjånaden bør vera etter uttak, med tilleggs info
Avskoging i st.alm med formål betre beiteprod	Statsskog og alm. styra	Kommersiell drift	Plan 2009 Uttak 2009-2012	Utarb. plan for uttaksområde og prioritering saman med kommunen
Avskoging i st.alm med formål betre beiteprod	Beitelaga etter avtale med alm. styra	Smil-midlar Eigeninnsats Får veden gratis v arb. iht føringar i info-folder	2009-2012	Søknad om Smil-midlar må vera i samsvar med uttaksplan.
Avskoging i st.alm med formål betre beiteprod	Privatpersonar etter avtale med alm. styra	Får veden gratis v arb. iht føringar i info-folder	2009-2012	Manglande sluttgodkjenning fører til krav om avgift til almsty.

Infrastrukturtiltak

Samlekve, lasterampe og sperregjerde for storfe ved Gåsbue	Aursjøhø beitelag, ny org. Beitesamlaget	Smil-midlar Fjellstyret Eigeninnsats	Org. og planlegg 2009 Ferdig 2010	Beiteområde for drifting/gjetting storfe. Innmelding
Ny bru over Vangsåe	Fjellstyret og Aursjøhø beitelag	Smil-midlar Fjellstyret	Som over	Viktig for beitebruken i omr, og almen ferdsel vestover
Rehabilitering/forsterking samlekveer	Alle beitelaga	Smil-midlar Fjellstyret	Etter behov	Med tanke på sambruk storfe
Samlekve, lasterampe og ledegjerde v Myrin for sau og storfe	Heimfjellet og Reindøl beitelag Beitesamlaget	Smil-midlar Fjellstyret Eigeninnsats	2009	Viktig for sinking og transport heim
Rydding stigar og råk	Alle beitelaga	Smil-midlar og eigeninnsats	Etter behov	Betrar rekselen for beitedyra, og avlastar vegane.
Nytt sperregjerde frå Prestg. brue til Lora elv	Grunneigarar og Vigga Vest beitelag	Fjellstyret Smil-midlar Kommunen Eigeninnsats grunneigarar	Krav om jordskifte-sak, felles tiltak (må fremjast av part)	Vigga Vest fremmar saka på vegne av grunneigarane. Kommunal uttale til kravet

Vøling av gjerde langs Raumabana	Jernbaneverket Beitesamlaget Kommunen	Jernbaneverket etter "Lesjamodellen"	2009-2012	Kommunen og beitesamlaget anmodar jernbaneverket om møte/framhald
Arbeide for å få etablert god mobiltelefondekning innanfor beiteområda	Fjellstyret Kommunen Beitesamlaget	Ikkje avklart	Usikkert	Viktig for framtidig bruk av radiobjøller på beitedyra, og v/viktig varsling

Merknad om radiobjøller

Kommunen meiner at radiobjøller etterkvart vil bli eit godt hjelpemiddel for tilsyn av dyr i lausbeite. Utstyret er framleis i ein utviklingsfase, men kommunen meiner det likevel er riktig å nemne radiobjøllene som eit konkret tiltak i tiltaksplanen sjølv om at finansiering og framdrift ikkje kan synleggjeraast like konkret som skisserte tiltak elles.

Innkjøp av radiobjøller vil frå neste år kunne støttast økonomisk gjennom organisert beitebruk og tilskott til førebyggjande- og konfliktdempande tiltak. Lag med store tap og med god mobildekning bør prioriterast ved søking på slike midlar.

I arbeidet med tilsyn av sau på beite, og spesielt med tanke på dokumentasjon av dødsårsak, vil radiobjøller ved god funksjon bli svært nyttige. Det er gjort forsøk med slikt utstyr fleire stader i landet, og resultata er på mange måtar positive. Mange faktorar må likevel betrast om ein skal få fullt utbytte av slikt utstyr. Frå forsøka er det og peika på at kostnaden med bruk av systemet er for høg, og at det er rom for betring av sjølve radiobjølla.

Det er under utprøving to metodar for å vidaresende GPS-signal frå sau til saueeigar:

1. Direkte til GSM/GPRS mobilnett
2. Via VHF- baser inn på GSM/GPRS-nettet. Denne løysinga er tenkt brukt i område med dårlig eller ingen dekning for GSM.

Lamma blir utstyrde med UHF-terminalar med rekkevidde omkring 150 meter, og signala går via GSM- eller VHF-terminalar påøyene. Det er avgjerande viktig at daudvarslarsignal frå lamma kjem fram til saueeigaren om radiobjøllene skal bli det gode hjelpebiddelet som ein ser for seg.

Frå sluttprotokollen for jordbruksforhandlingane 2009:

"Organisert beitebruk skal fra 2010 være en egen ordning som forvaltes av fylkesmannen. I tillegg til de tradisjonelle tiltakene innanfor investeringstøtte til organiserte beitebruk, er partene enige om at fylker med rovdyrutfordringer skal kunne bruke midler til innkjøp av radiobjeller for å bidra til å redusere tap til rovdyr. Det er også mulig å söke støtte til dette fra miljøvernforvaltingens tilskudd til forebyggende og konfliktdempende tiltak. Partene er enige om å avsette 6 mill. kroner til organisert beitebruk."

Andre aktuelle tiltak

Nye info-plakatar ved inng til beitefelta	Beitesamlaget Kommunen	Kommunen	2009	Beitesaml: tekst K: lagar plakat
Opplæring/trening av hundar: kadaversøk og sporing av bjørn	Privatpersonar m/hund i samarbeid med kommunen og/ eller beitelag	Beitelag Kommunen	2009-2012	Delta på kurs i regi av FM- Oppl Oppl S&G, eller andre arrangørar
Etablering av varslings telefon v kadaverfunn, sjuke eller skadde dyr	Beitesamlaget kommunen		2009	Kommunen i kontortida, man fredg 0800-1530
Søkje om fellingsløyve ved akutte rovvilt-angrep/ eller registrert stort skadeomfang	Nærings v/ beitesamlaget, beitelag eller annan næringsorg.	Kommunen betaler lønn m.m til fellingslag innan budsjett.	Ved aktuelle hendingar i beitesesongen	Statleg prøveordning for refusjon ved fellingsaksjonar
Tidlegaste tilrådde sleppedato småfe/storfe	I bygda: Kommunen	Kommunen ved infoskriv til alle	Kvart år	Av omsyn til beiteutv, skogplanting og stenging grinder
Fastsetting av tidlegaste tilrådde sleppedato småfe/storfe	I statsalm: Beitelaga i samråd med fjellstyret	Kan takast inn i komm infoskriv	Kvart år	Av omsyn til beiteutviklinga
Sankedato, sau	Beitesamlaget Kommunen		2. helga i september	Etablert praksis (står fast)
Sankedato, storfe	Dei einskide beitelaga		Omforeint dato(laget)	Siste frist kan setjast av fjellst.
Drøfte organisering av beitenæringa i Lesja	Beitesamlaget Kommunen		2009	

Annan tilknytta informasjon:

Beitenæringa som høyringsorgan i arealsaker

I beitebruksplanens hovuddokument er det gjeve føringar knytt til kommunal arealforvaltning. Desse skal framleis vera gjeldande.

Dei viktigaste elementa der er:

- Lesja beitesamlag og/eller lokallaget skal høyrast ved arealforvaltingsspørsmål som kan gripe inn i praktiske drifts- eller rettstilhøve for beitebrukarane.
- Innanfor ei sone på 500 meter rundt setrane skal det ikkje etablerast hus eller anlegg til andre formål enn stadbunden næringsverksemد.
- Registrerte drivingsvegar skal ikkje stengjast utan etter omforeint endringsløysing i samråd med beitesamlaget og brukarar.

Rovviltpolitikk

Gjeldande rovviltpolitikk er nedfelt i St. meld. Nr. 15, Rovvilt i norsk natur, og Innst. S. nr. 174 fra energi- og miljøkomiteen 7. mai 2004.

Dei viktigaste føringane er:

- Det er fastsett nasjonale bestandsmål
- Det er oppretta 8 forvaltningsregioner
- Det er oppretta regionale rovviltnemnder. Med dette ynskjer Stortinget at forvaltningen av rovvilt på ein betre måte skal kunne forankrast lokalt og regionalt.

Vidare er det eit mål å auke lokal aksept for rovviltpolitikken, redusere tap av husdyr og tamrein samt å opne for nye former for felling av rovvilt når bestandssituasjonen tillet det.

Lesja kommune må administrativt sjølvsgart forhalde seg lojalt til gjeldande politikk og agere innanfor ramene for vårt forvaltningsansvar. Det krev samarbeid med andre aktørar i rovviltforvaltninga, og kan i ulike høve også føre til usemje med omsyn til tolking og praktisering av vedtekne forskrifter, forvaltningsplaner eller innretningar. Men kommunens administrasjon kan ikkje gå til omkamp på nasjonalpolitiske vedtak og føringar. Det er eventuelt ei oppgave for politiske miljø og næringsorganisasjonar.

Roller og ansvar

Dei mest sentrale aktørane i rovviltforvaltninga er:

Miljødepartementet (MD)

Direktoratet for naturforvaltning (DN)

Statens naturoppsyn (SNO)

Regionale rovviltnemnder (RRN)

Fylkesmannen (FM)

Kommunen (K)

"MD er overordnet myndighet for all viltforvaltning, og styrer miljøforvaltningen gjennom budsjett, lovverk og styringsdialog. Departementet videreforsmidler regjeringens politikk og følger opp de aktuelle satsningsområder innenfor rovviltpolitikken og de føringer regjeringen har lagt. Departementet oppnevner Rovviltnemndas medlemmer og er klageinstans på vedtak fattet av nemndene."

"DN er underlagt MD, og er den sentrale faginstansen innenfor viltforvaltning. DN har ansvar for rovviltforvaltningen på nasjonalt nivå. Dette innebærer blant annet ansvar for overvåkingsprogrammet, saksbehandling av saker etter viltloven, innhenting av kunnskap gjennom finansiering av forskningsprosjekter og formidling av kunnskap og rådgivende organ for MD."

"SNO er en del av DN. SNO er forvaltningens operative feltorgan og har lokalkontor spredt over hele landet. SNOs rovviltseksjon arbeider blant annet med å bistå dyreeiere med dokumentasjon av rovviltskader på husdyr og tamrein, feltarbeid i forbindelse med overvåking av rovvilt, forebygge/hindre miljøkriminalitet rettet mot store rovdyr, og særskilte fellingsoperasjoner etter vedtak gitt av sentral viltmyndighet. SNO har lokale rovvilkontakter over hele landet"

"RRN er politisk valgt for hver forvaltningsregion. Nemnda har et helhetlig forvaltningsansvar for rovvilt innen regionen, og skal blant annet utarbeide og vedta en regional forvaltningsplan for rovvilt. Rovviltnemnda fatter også normalt kvotevedtak knyttet til lisensfelling og kvotejakt på de ulike artene."

"FM har blant annet ansvar for forvaltning av kongeørn og skadefelling av de andre artene innenfor den rammen som er bestemt av rovviltnemnda eller direktoratet. Fylkesmannen har også en rådgivende funksjon overfor rovviltnemndene"

Kommunen har ansvar for å organisere og setja i gang fellingsaksjonar når overordna myndighet har gjeve skadefellingsløyve på freda rovvilt. Kommunen har etablert to fellingslag i bygda med kvart sitt geografiske hovudansvarsområde. Desse fellingslaga har faste medlemmer som er gjeve spesiell opplæring og informasjon blant anna frå SNO, politiet og kommunen. Treningsskyting og drill på sikkerheit/våpenbruk og samband, samt kunnskapsformidling i høve til store rovdyrers atferd og levemåte (spesielt bjørn), blir fylgd opp overfor fellingslaga så godt det let seg gjera.

Fellingslag skal spesielt aksjonere i høve til aksjonar retta mot skadenvoldande ulv og bjørn. For skadefellingsaksjonar retta mot jerv kan også fellingslaget nyttast så langt det er praktisk, men her har kommunen i aktuelle tilfelle funne det mest hensiktsmessig å oppnemne sankelaget som fellingslag med lagsleiar(ar) som aksjonsleiar. Dette mellom anna fordi jervjakt skjer i fjellområda og dermed stiller spesielle krav til lokalkjennskap til området, og tilgang til buer for overnatting.

Søknad om skadefellingsløyve bør til vanleg koma frå dei skadelidande; d.v.s. frå næringa ved beitebruksorganiseringa, altså beitelaget eller beitesamlaget.

NB: Det er viktig å merke seg forskjellen på ansvarsrollene mellom skadefellingsaksjonar i beitesesongen, og lisens/kvotejakt som bestandsregulerande tiltak.

Kommunen er som kjent delegert mynde som lokalt forvaltningsorgan for landbrukssaker. Dette inneber forvaltning i høve til fleire ordningar som knyter seg til beitebruk og rovdyrproblematikk.

Dei viktigaste ordningane her er:

Spesielle miljømidlar i landbruket (SMIL)

Regionalt miljøprogram (RMP)

Førebyggjande og konfliktdempande tiltak mot rovviltskader (FKT)

SMIL

Kommunen fremjar årleg søknad til fylkesmannens landbruksavdeling om midlar til alle aktuelle tiltak som ligg under ordninga. Når løyvinga er gjeve, blir midlane disponert ut til søkerane etter konkret søknad. Forvaltningsstyret er løyvingsorganet i kommunen. Ordninga har fungert godt i Lesja, og mange gode tiltak er gjennomført.

Innanfor SMIL-midlane ligg nå tilskottsmidlane til investeringar i beitefelt (infrastrukturtiltak) og kulturlandskapstiltak, for eksempel rydding/avskoging for betre beitebruk.

RMP

Her ligg ny ordning med refusjon for lønna tilsyn i beitelaga. Kvart godkjent beitelag får nå refundert 60 % av dokumenterte lønnsutgifter, avgrensa til kr. 40.000,-

Her ligg også driftstilskottet til beitelaga og det ekstraordinære tilskottet for dyr sleppt på utmarksbeite, setertilskottet m.m.

RMP- midlane blir utbetalt av FM etter fastlagte reglar, og blir handsama av kommunen parallelt med ordninga med produksjonstilskott i jorbruket.

FKT

Dette er midlar kommunen søker regional rovviltnemnd om. Søknaden skal omfatte ei plan for korleis konfliktdempande og tapsførebyggjande tiltak skal gjennomførast i beitesesongen. Reint prinsipielt har det i Lesja vore ei omforeint haldning om at vi søker om FKT-midlar berre til tiltak som har kollektiv verknad. Tiltak knytt opp til enkeltbrukarar eller mindre grupper eller område, og som i neste omgang lett kan føre til negative konsekvensar for andre, bør unngåast.

I praksis har søknadene vore innretta på ekstraordinært tilsyn i beitefelta, og deretter fordelt mellom laga etter fastlagt prosentsats. Denne fordelinga ser vi nå er kome i ubalanse i høve til tilsynsomfanget i laga. Vi vil heretter basere fordelinga meir rettferdig i høve til det faktiske tilsynet kvart lag på førehand skisserar at dei vil gjennomføre. Fordeling av FKT- midlane har også betydning med omsyn til refusjonsgrunnlaget for lønna tilsyn under RMP-ordninga. I 2009 er løyvinga til formålet kr. 180.000,-

Organisert beitebruk

Dei som driv aktiv beitebruk i Lesja, og i landet elles, er i stor grad organiserte i sausankelag eller beitelag. Denne organiseringa er støtta med jordbruksavtalemidlar, og har statlege føringar for innretning og forvaltning. Formålet med ordninga er gjennom driftsorganisering og samarbeid i beitenæringer å medvirke til minst moglege tap av dyr på utmarksbeite. Det er lagt spesiell vekt felles sanking og infrastrukturen i næringa, ikkje åleine for å redusere tapsomfanget, men også for å leggje tilhøva arbeidsmessig godt til rette for næringsutøvarane. God tilrettelegging har vesentleg betydning for omfanget av den aktive beitebruken, og såleis også for utnyttingsgraden av beitet som fornybar ressurs.

Organisering i beitenæringer i Lesja

I Lesja har det sidan 1996 vore **9 aktive beitelag**. I 2007 stoppa drifta i eitt lag opp slik at det sidan har vore 8 aktive beitelag.

Formell lagsgodkjenning blir gjort av FM bl.a med vilkår om registrering i foretaksregisteret. Kvart lag er såleis ei eigen økonomisk eining, og skal ha eit styre med leiar og kasserar.

For å få til god samhandling og koordinering i ulike spørsmål som grip inn i næringa, etablerte kommunen og næringa i samarbeid for fleire år sidan ein felles overbygnad over alle beitelaga i Lesja, kalla **Lesja beitesamlag**.

Beitesamlaget har til formål å vera samordnande i interne spørsmål, og eit næringspolitisk talerør overfor myndighetene i ulike spørsmål knytt til aktiv beitebruk, herunder spesielt arealforvaltningsspørsmål i utmark, rovviltpolitikk og infrastruktur.

Lesja sau og geitavlslag har til formål å drive avlsfremjande arbeid og produksjonsretta/økonomisk vegleiing. I Lesja med store tap til freda rovvilt er det naturleg at laget også har engasjert seg i rovviltspørsmål. Ein må her likevel skilje mellom det eksterne fagpolitiske påvirkningsarbeidet overfor myndighetene og dei interne diskusjonane som går på driftsmessige og praktiske tiltak i beitefelta som ledd i tapsførebygging. Dette er det beitebruksorganiseringa, d.v.s beitelaga og beitesamlaget i samarbeid med kommunen som skal leggje premissane for.

Næringsutøvarane og kommunen har felles interesse i at beitebruken i Lesja er omfattande, og godt organisert. Det har ikkje vore nokon motsetnad mellom næringa og kommunen i så måte. Skal ambisiøse mål for beitenæringer nåast i åra som kjem, er det avgjerande viktig at næring og forvaltning har gode samarbeidsrelasjonar. Det betingar at roller, ansvar og innretningar er greitt definert.

Utviklingstrekk i Lesja

Etter krigen har strukturen i landbruket endra seg mykje med ein klar trend i retning av færre og større driftseiningar i jordbruket, herunder i husdyrhaldet. Frå eit allsidig husdyrhald med mange dyreslag på nesten alle gardar, ser vi i dag eit spesialisert dyrehald tufta på eit meir einsidig og rasjonelt driftsopplegg.

I same periode har rovdyrrelaterte tap av sau på beite auka frå nesten null til om lag 10 %.

Frå enkelte miljø blir det hevda at auken i tapsomfang delvis har sin årsak i strukturendringane og moderniserte driftsformer med dårlegare tilsyn.

Statistikk viser imidlertid at tapsomfanget har auka i takt med veksten i rovviltbestandane.

Jerven som er som kjent hovudårsaken til dei rovviltrelaterte tapa. I seinare tid har vi også hatt sporadiske angrep av ulv, og dei siste to åra betydelege tap til bjørn.

Etterfylgjande tapsstatistikk frå 1981 til og med 2008, viser tapsutviklinga.

		TAP AV SAU PÅ BEITE I LESJA																														
		Inndelt etter organisert beitebruk												V = vaksne																		
		Tapstala er gjeve som % av antal sleppt på beite												L = lam																		
År		Jore	Sørhella	Reindøl	Heimfjellet	Aursjøhe	Lesjaskog	Lordalen	Vigga Vest	Vestsida	Kommunen		V	L	Alle	V	L	Alle	V	L	Alle	V	L	Alle	V	L	Alle					
1981		0,0	3,5	1,9	0,0	7,8	4,7					1,5	2,9	2,3	1,7	3,8	2,9	0,0	0,0	0,0	2,9	2,6	2,7				0,5	1,7	1,2	1,1	3,2	2,3
1982		5,6	4,2	4,8	2,1	6,5	4,8					1,4	3,5	2,6	2,9	13,8	9,4	0,7	7,2	4,6	0,6	2,4	1,6				0,2	2,3	1,4	1,5	4,7	3,4
1983		1,0	2,1	1,6	3,1	13,3	9,4					2,3	5,6	4,3	0,9	10,9	7,0	0,4	6,8	4,3	0,0	1,3	0,7				0,8	3,3	2,2	1,4	5,4	3,8
1984		2,1	5,6	4,1	4,6	18,8	13,3					1,8	3,3	2,7	1,3	9,0	1,0	1,6	7,7	5,3	0,5	3,4	2,1				2,0	3,9	3,1	1,9	5,4	4,0
1985		0,7	2,1	1,6	2,1	22,7	14,3					2,2	5,7	4,3	11,0	27,0	20,3	2,3	8,9	6,3	0,5	1,5	1,1				1,0	2,6	1,9	2,0	6,8	4,8
1986		3,4	3,8	3,6	1,4	4,7	3,4					1,7	4,7	3,5	5,5	42,5	27,5	3,4	14,8	10,1	1,2	2,2	1,8				0,9	2,4	1,8	2,1	6,7	4,8
1987		1,6	2,8	2,3	1,4	6,3	4,4					1,9	8,6	6,1	3,4	10,0	7,5	2,3	8,0	5,6	0,9	3,5	2,4				0,9	1,6	1,3	1,6	5,8	4,1
1988		1,2	2,8	2,2	2,4	6,2	4,8					1,5	5,8	4,2	0,0	12,4	7,9	3,3	7,9	6,0	2,3	2,6	2,5				1,4	3,7	2,8	1,9	5,2	3,9
1989		1,4	3,9	2,9	1,1	5,0	3,5					2,4	7,3	5,6	4,2	27,1	18,4	4,8	9,4	7,5	1,9	2,6	2,3				1,8	2,4	2,2	2,3	6,0	4,6
1990		1,3	3,9	2,9	1,1	5,2	3,4					2,3	6,8	5,2	2,7	33,7	22,4	1,4	5,6	3,9	1,0	1,5	1,3				1,0	4,4	3,1	1,5	5,7	4,1
1991		1,7	3,5	2,9	3,3	14,2	10,1					2,5	5,0	4,1	1,4	2,2	1,9	2,3	4,7	3,8	2,1	3,1	2,7				1,2	4,1	3,0	2,3	6,0	4,7
1992		3,1	7,3	5,8	1,7	11,0	7,5					2,1	6,5	4,9	3,2	20,5	14,1	2,2	6,7	4,9	1,3	2,7	2,1				0,7	6,0	4,1	1,9	7,2	5,2
1993		3,9	10,6	8,2	1,8	9,8	6,9					3,3	11,2	8,3	4,4	9,1	7,4	2,2	7,5	5,4	1,1	3,4	2,5				1,1	3,3	2,6	2,3	8,0	5,9
1994		1,6	6,5	4,7	2,1	10,8	7,6					2,7	8,1	6,1	1,8	22,6	14,6	2,7	9,9	7,0	1,1	3,0	2,3				1,1	5,0	3,8	2,0	8,1	5,8
1995		3,1	14,7	10,5	2,8	12,1	8,8					2,4	10,4	7,5	1,5	26,7	16,4	2,7	11,4	8,0	1,6	6,6	4,7				1,0	6,4	4,3	2,3	10,8	7,6
1996		3,2	15,0	10,6	3,0	22,9	15,6	4,1	10,5	8,0		2,5	13,0	8,9	3,2	8,1	6,3	3,3	7,0	5,6	1,6	7,3	5,1	1,0	6,4	4,2	1,0	6,3	4,2	2,4	11,0	7,7
1997		3,3	10,9	8,2	4,5	21,4	14,8	2,5	14,0	9,8		2,8	12,8	9,0	3,4	17,6	12,2	2,8	12,1	8,6	1,6	16,4	10,6	1,6	8,1	5,7	0,9	8,3	5,4	2,5	13,1	9,1
1998		4,6	11,4	9,0	5,4	17,3	12,6	1,3	16,8	11,1		3,0	11,9	8,5	2,3	21,2	14,5	2,6	9,9	7,0	1,9	15,3	10,0	1,1	10,2	6,8	1,4	7,9	5,4	2,7	12,5	8,8
1999		7,1	16,4	13,0	4,2	21,2	15,1	1,7	12,0	8,2		2,5	12,3	8,6	4,3	18,6	13,5	1,8	12,6	8,5	3,0	13,4	9,2	2,7	25,5	16,9	1,8	12,6	8,4	2,9	14,5	10,1
2000		4,9	16,1	11,9	3,4	20,6	14,4	2,5	11,7	8,4		2,9	9,7	7,3	3,1	23,5	16,4	2,5	11,1	7,9	1,7	15,4	10,1	2,2	13,4	8,9	2,5	10,1	7,3	2,8	12,8	9,1
2001		6,3	10,5	8,9	4,2	13,5	9,8	2,0	14,0	9,7		2,6	10,7	7,7	1,3	32,5	21,1	1,8	14,5	9,7	3,0	19,1	13,0	5,5	24,6	17,7	3,1	9,4	7,1	3,1	14,0	9,9
2002		2,2	8,5	6,2	3,0	21,6	14,7	2,3	14,9	10,4		2,6	9,1	6,8	4,4	46,4	30,9	1,3	14,0	10,4	2,7	21,3	14,4	1,2	22,8	14,9	3,3	14,7	10,4	2,5	15,4	10,7
2003		6,3	12,7	10,3	1,5	20,9	13,9	2,0	10,8	7,6		4,1	14,2	10,4	6,5	46,6	31,2	1,9	19,3	12,9	3,9	24,1	16,6	1,6	18,3	11,9	2,9	13,5	9,5	3,4	17,2	12,1
2004		5,7	10,5	8,8	5,8	34,7	24,6	3,6	14,4	10,5		3,6	11,1	8,4	3,1	6,5	5,2	2,8	10,3	7,6	4,9	17,4	12,9	3,6	10,0	7,7	2,4	9,7	7,0	3,8	13,5	10,0
2005		5,5	16,2	12,0	3,5	26,1	18,1	2,7	15,8	11,1		2,9	13,6	9,4	0,9	3,6	2,5	3,8	9,0	7,1	3,6	18,1	12,8				2,8	13,6	9,6	3,3	14,7	10,5
2006		4,5	10,3	8,2	1,1	17,6	11,1	2,8	7,6	5,9		3,1	12,0	8,7	4,8	5,4	5,1	2,8	8,9	6,7	3,4	22,2	15,4	2,2	21,4	8,8	3,6	10,0	7,6	3,1	12,4	8,8
2007		10,8	14,4	13,0	3,1	20,6	14,1	4,3	10,9	8,5		3,7	13,0	9,6				4,0	15,9	11,5	4,3	17,4	12,7	1,9	6,7	5,0	3,1	9,2	6,9	4,5	13,4	10,2
2008		9,9	3,1	11,9	4,8	16,6	12,0	5,2	5,7	5,5		3,4	6,2	5,2				3,0	13,0	9,2	2,0	14,6	10,1	1,7	4,2	3,3	3,7	10,5	7,9	4,3	9,9	7,8

Verdi av hausta beite

I beitebruksplanens hovuddokument er samla beiteopptak i utmarka rekna til ca 2,5 mill foreiningar pr år, og til ein samla vedi på kr. 7,5 mill pr. år. I løpet av dei etterfylgjande 8-9 år har tal storfe på utmarksbeite gått ned med over 300 dyr, og tilsvarende for sau med ca 2000 dyr. Dette er eit varsel om at alle ansvarlege partar må ta eit krafttak for å medvirke til driftsendringar som fører til ein meir omfattande beitebruk, betre utnytting av lokale ressursar og god dyrevelferd.

Til tross for nedgang i beiteopptaket i utmarka på om lag 12-13 %, har verdien av beiteopptaket truleg likevel auka med 4-5 % grunna prisoppgang på gjødsel-, kraftfor- og drivstoff. Samla verdi av årleg beiteopptak kan etter dette framleis reknast til kr. 7,5- 7,8 millionar.

Beitepotensial

Beitepotensialet er som nemnt ikkje kartlagt. Men både erfaringstal frå andre fjellområder med tilsvarende høgder over havet og ein minkande bruk av utmarksbeitet, seier oss at vi ikkje har knappheit på beiteressursar. Det er truleg slik at vi har eit uutnytta potensial som er vesentleg større enn det som faktisk blir brukt. Framtidsutfordringa knyter seg mest til etablering av ein meir robust infrastruktur og betre driftsorganisering.

Kommanalt tilskott til nyetablering i husdyrhaldet

For å styrke kjøttproduksjonen i Lesja har kommunen vedteke reglar for tilskott til nyetablering i husdyrhaldet med hovudprioritet på småfe. Ein kan ikkje sjå at det etter reglane er noko til hinder for å støtte innkjøp av mohairgeit eller andre småfe, dersom denne produksjonen har til formål å drive spesiell landskapspleie ved styrt beitebruk.

Gjerderegler frå Statsskog

I sitt svarbrev til kommunen skriv Statskog bl.a:

” I våre festekontrakter er det inntatt eget punkt om at gjerding ikke er tillatt uten vår godkjenning. I noen få tilfeller der det er helt spesielle forhold er det gitt tillatelse til inngjerding, men dette først etter at fjellstyret på vegne av de bruksberettigede har avgitt positiv uttale. Ved etablering av nye hyttefelt vil det være naturlig å avklare spørsmålet om inngjerding i samband med utarbeidelsen av reguleringsplan og ev. ta inn regler om dette i reguleringsbestemmelsene.”